Søknad om TT-kort i Møre og Romsdal fylkeskommune

Fyll ut alle felta med blokkbokstavar. Les informasjonen på baksida.

☐ Eg stadfestar at eg har lese og forstått informasjonen på baksida av skjemaet.

☐ Eg gir fylkeskommunen fullmakt til å hente inn opplysningar ut over legeerklæringa dersom det er nødvendig for å behandle søknaden.

Har du TT-kort tildelt i Møre og Romsdal? ☐ Ja ☐ Nei

Kortnummer (5-siffer) dersom du har TT-kort:

Opplysningar om søkjar

Fødselsnummer	Førenamn	Etternamn
Adresse		Telefon
Postnummer	Poststad	Kommune

Bustad og reisebehov

Bur du på sjukeheim eller anna buform med heildøgns pleie? Viss ja, skriv namn:

Opplys kva kortet skal brukast til:

Reise og transportsituasjon

Korleis reiser du i dag? Du kan sette fleire kryss.

☐ Køyrer eigen bil
☐ Blir køyrd av ektefelle eller partnar
☐ Blir køyrd av andre
☐ Drosje
☐ Kollektivtransport (buss, båt, ferje)
☐ Spesialdrosje (bil tilpassa rullestol)
☐ Andre måtar, forklar

Reiser du kollektivt?

☐ Ja ☐ Ja, delvis eller i periodar ☐ Berre med følgjeperson ☐ Nei

Dersom du reiser åleine berre delvis eller i periodar, utdjup her

Funksjonsnedsetting

Kva slags funksjonsnedsetting har du? Du kan sette fleire kryss.

☐ Rørslehemming
☐ Høyrselshemming
☐ Utviklingshemming
☐ Psykososial funksjonsnedsetting
☐ Synshemming, (visus lik 0,33 eller lågare) krev dokumentasjon frå augelege eller optikar
☐ Annan type, forklar

Dato._____ Søkjaren si underskrift: _____

Informasjon til deg som søkjer om TT-kort

TT-kort er eit tilbod til deg som på grunn av funksjonsnedsetting har store vanskar med å reise med kollektivtransport. Ordninga gjeld fritidsreiser med drosje.

Kven kan få TT-kort

Det er helsetilstanden din som avgjer om du får TT-kort. Du kan søke dersom du:

- på grunn av fysisk eller psykisk funksjonsnedsetting ikkje kan bruke kollektivtransport
- har store vanskar med å bruke kollektivtransport
- funksjonsnedsettinga er varig (over to år).

Dette gir ikkje rett til TT-kort

Tap av førarkort og manglande rutetilbod blir ikkje vektlagt. Det same gjeld vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og haldeplass, bratte bakkar eller lang veg til haldeplassen.

Dokumentasjon ved synshemming

For å få TT-kort på grunn av synshemming må synet ditt vere 0,33 eller dårlegare på det auget som ser best, også når du bruker briller eller linser. Dette må dokumenterast av augelege eller optikar. Dokumentasjonen må følge søknaden.

Slik søker du

Fylkeskommunen behandlar søknader om TT-kort. Du må sende inn både søknaden og ei legeerklæring som er fylt ut av lege.

- Legen kan ikkje innvilge TT-kort, men skal gi fylkeskommunen nok grunnlag til å vurdere søknaden.
- Legeerklæringa må forklare kvifor du har redusert reiseevne, med diagnose og ei beskriving av utfordringane med å reise kollektivt.

Viktig å vite

- Beløpet til TT-kortet blir utbetalt to gongar i året, 1. januar og 1. juli.
- Ubrukt beløp frå første halvår blir overført til andre halvår. Ubrukt beløp ved utgangen av 31. desember blir ikkje overført til neste kalenderår.
- Eigenandelen er 40 kroner per reise. TT-kortet kan ikkje brukast til å dekke eigenandelen.
- Du kan ikkje søke om ekstra reisebeløp ut over det som er innvilga for brukarsona di.
- Kortet er gyldig i 2 eller 5 år. Når gyldigheitstida går ut, må du søke på nytt.

TT-kortet gjeld fritidsreiser. Ordninga dekker ikkje:

• skyss til avlasting eller dagtilbod og turar i regi av institusjonar eller helse- og velferdssenter
• reiser som blir betalte av andre ordningar
• reiser til lege, sjukehus eller anna behandling